

15.01.2020

## Nye veglys og trafikksikring i Korsneset.



Leganger Maskin er leigd inn for arbeidet med grunnarbeid og kabelgrøfter

**Det vert montert nye veglys langs Fylkesvegen ved byggefelta Korsneset og Ospelunden. Tiltaket er ein del av arbeidet med betre trafikksikring.**

BKK monterer veglysa, tilsaman 7 punkt på ei lengde på 350 meter. Så langt det let seg gjera, med nokre justeringar, vert dei ubrukte påkoplingane brukte. Det er kabel og punkt som vart montert då gang- og sykkelvegen frå Brekketoppen til Korsneset kom på plass. Veglysa, som er på andre sida av vegen, skal framleis brukast. Det vert med andre ord veglys på begge sider, alt som leddlys.

Entreprenørfirma Leganger Maskin frå Løfallstrand er leigd inn for grunnarbeid og arbeidet med kabelgrøfter. Veglysa vert forlenga til inn på Synet. Leganger Maskin har 3 mann i arbeid i Korsneset. Oppdraget via Dimmelsvik Entreprenør vert rekna som eit mellomstort arbeid.



BKK monterer veglys, til sammen 7 punkt i ei lengde på 350 meter.

Leganger Maskin driv mellom med vintervedlikehald for MESTA. Det går på brøyting og salting.

Fylkesvegen er for det meste lysregulert mens arbeidet pågår. Til tider har ein brukt manuell trafikkregulering.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal